

FAGOPPGÅVE

Risikofylt leik i barnehagen

Kvalitativ undersøking av barnehagelæraren si vurdering av risiko og tryggleik i barns viltre leik

Utarbeid av:

Kathrin Hübner

Studium:

DEFU 2012 (Deltids- førskolelærerutdanning)

Innlevert:

Haust 2015



Samandrag

For fagoppgåva i pedagogikk har eg valt temaet «Risikofylt leik i barnehagen». Oppgåva byggjer på ei kvalitativ undersøking med bakgrunn i problemstillinga «Korleis vurderer barnehagelæraren risiko og tryggleik i barns viltre leik?». Bakgrunnen for val av tema er at man i dagens samfunn er svært opptatt av tryggleik for barna i barnehagen samtidig som barna skal få utfalde seg i ulike typar leik, deriblant risikofylt leik. Formål med oppgåva er å utvikle forståing for barnehagelærarens tenkemåtar i forhold til risiko, risikovurdering og risikofylt leik og finne ut korleis ein som barnehagelærer i praksis kan leggje til rette for risikofylt leik samtidig som barns tryggleik er ivaretatt. Undersøkinga vart gjennomført i form av intervju og dokumentstudie. Resultata av undersøkinga viser at den vaksne er svært viktig for tilrettelegging av risikofylt leik. Barnehagelæraren sin kunnskap, erfaring og evne til refleksjon samt evne til å delta på barn premisser er viktige verktøy for å kunne leggje til rette for risikofylt leik i barnehagen.

Innhald

1. Innleiing	3
2. Problemstilling.....	3
3. Risikofylt leik – eit teoretisk tverrsnitt	4
3.1 Barnas leik	4
3.2 Vilter leik, rørsleleik og risikofylt leik – kjært barn har mange namn	5
3.3 Betyding av risikofylt leik for barns utvikling	6
3.4 Rammefaktorar for risikofylt leik i barnehagen	8
4. Metode i undersøkinga	9
4.1 Forskings- og datainnsamlingsmetode.....	10
4.2 Informantane.....	11
4.3 Forskingsetiske ettertankar	12
4.4 Mi førforståing.....	12
5. Analyse og tolking av data.....	13
5.1 Kunnskap om risikofylt leik.....	13
5.2 Praxis i forhold til risikofylt leik.....	15
5.3 Rammefaktorar for risikofylt leik i barnehagen	17
6. Drøfting.....	18
7. Konklusjon	23
Litteratur.....	24
Vedlegg.....	26
Vedlegg 1 – Intervjuguide.....	26
Vedlegg 2 – Dokumentstudieguide	28
Vedlegg 3 – Informasjonsbrev til barnehagane	29

1. Innleiing

«Viss vi pakkar barna så inn at alt er farleg, så kjem dei til å dø den dagen dei ikkje er under hæla våre.» - dette sa min informant mot slutten av intervjuet og setter dermed ord på ein av dei største farane som oppstår når barna ikkje kan samle erfaringar med risiko gjennom leik.

Både samfunnet, myndigheiter og føresette sett store krav til kvaliteten i barnehagane. Eit av punkta som stadig er diskutert, er barnas tryggleik og korleis barnehagen kan ivareta denne. Spørsmål om strengare tryggleikstiltak dukkar opp særleg etter alvorlege ulukker der barn vert skada eller i verste fall dør. Barnehagepersonalet sett tryggleiken høgt, men samtidig skal dei ifølge rammeplanen leggje grunnlag for at barna skal utvikle seg allsidig. Korleis denne balansegangen skjer og kva som ligg bak barnehagelærarens vurdering av risiko og tryggleik i barns viltre leik, vil bli tematisert i denne oppgåva.

Formålet med oppgåva er å rette fokuset mot risikofylt leik og leiken si betyding for barna. Dette er ein leikform, som er lite tematisert i leikteoriane og utdanninga, men som har stor plass i barns liv i barnehagen. I denne oppgåva vil eg prøve å undersøke, dokumentere og forstå barnehagelærarens forståing om risikofylt leik og betydinga av denne leiken for barna. Eg vil utvikle kunnskap om barnehagelæraren sin tenkemåte i forhold til risiko, risikovurdering og risikofylt leik og om korleis desse tenkemåta kan setjast i verk i praksis.

Eg vil først gå nærmare inn på problemstillinga og forskingsutgangspunktet. Deretter vil eg gjere greie for relevant teori, der eg vil starte med ei omgrepsavklaring og deretter gå inn på nytteverdien av risikofylt leik og kva rammefaktorar som ligg generelt i barnehagen. Deretter vil eg presentere undersøkinga og metode for undersøkinga før eg analyserer og drøfter sentrale funn. Rapporten avsluttast med ein konklusjon og eit blick vidare for undersøking og forskning innanfor dette temaet.

2. Problemstilling

I dagens samfunn er man svært opptatt av tryggleik og tryggleik for barna, både heime og i barnehage, skule eller andre institusjonar der barna oppheld seg. Samtidig er det ifølge Rammeplanen (KD 2011) barnehagen sitt formål å leggje til rette for at barna kan utvikle seg allsidig og verte trygge på blant anna fin- og grovmotorikk og sine egne evner og grenser. Mykje av denne utviklinga og læringa skjer og stimulerast når barn prøver ut ting og nærmar seg nye og spennande utfordringar i leik, deriblant vilter og risikofylt leik. Dette dannar to ytterpunkt – tryggleik vs. moglegheit for leik og er ei stor utfordring for foreldre og fagfolk –

alle vil barns beste, både i tilvære og utvikling, men kva er det beste for barnet og korleis kan man ivareta alle interesser på best mogleg måte?

I barnehagen er det ofte opp til dei tilsette å avgjere om ein aktivitet er for risikofull for barna – pedagogane kan setje grenser innanfor avgrensingane som er fastslått i gjeldande lovverk, Rammeplan og barnehagens planverk. Dette inneber både vurdering av generelle grenser, men også vurdering i einskildsituasjonar knytt til barns viltre leik.

Med utgangspunkt i denne utfordringa har eg valt å undersøke følgjande problemstilling:

Korleis vurderer barnehagelæraren risiko og tryggleik i barns viltre leik?

For å finne svar på problemstillinga har eg valt kvalitativ metode som utførast i form av intervju og dokumentstudie. Den teoretiske bakgrunnen i vert presentert i neste kapittel.

3. Risikofylt leik – eit teoretisk tverrsnitt

I dette kapitlet vil eg presentere det teoretiske grunnlaget for undersøkinga. Det fins mange ulike omgrep og inndelingar av leik som inneber risiko for skade hos barna. Eg vil gje ein kort innføring i bruken av ulike omgrep knytt til risikofylt leik og deretter gjere greie for kva betyding denne leikforma har for barns utvikling. Deretter vil eg presentere generelt rammeverk som er gjeldande for barnehagar i Noreg.

3.1 Barnas leik

Leik er barnas naturlege veremåte og den kjenneteiknast ifølge Lillemyr (2011, s. 30-45) av at den er spontan og i stadig endring og utvikling. Ettersom leik er barnas naturlege veremåte, vil den også engasjere barn. Utan at barna bevisst tenker over det, kan leiken ha ulike funksjonar. Barn kan bruke leiken til å utprøve roller, verdiar og normer og leiken kan vere utforsking av problemløysingar. Leiken verkar stimulerande for barns utvikling på mange ulike område. Gjennom leik opplever og lærer barn sosiale normer og samspelsreglar og leiken bidrar til blant anna barns emosjonelle, intellektuelle og motoriske utvikling.

3.2 Vilter leik, rørsleleik og risikofylt leik – kjært barn har mange namn

Vilter leik, rørsleleik og risikofylt leik er omgrep som i si betyding er nært knytt til kvarandre. Mens Sandseter (2014) for det meste brukar omgrepet *risikofylt leik*, skil Jensen (2014, s. 31) mellom vilter leik («vilde lege») og farleg leik («farlige lege»). Rørsleleik (bevegelseslege) er også eit omgrep Jensen bruker, men han påpeikar samtidig at ordet leik i seg sjølv impliserer det å vere i kroppsleg aktivitet og rørsle og ordet rørsleleik ville dermed verre eit dobbelt uttrykk for ein og same sak. Storli (2014) brukar omgrepet B&L som står for boltreleik og leikeslåssing. Det alle desse omgrepa har til felles, er at dei assosierast med formar for barns leik som inneber mykje fart og rørsle, ofte støy og til ein viss grad fare for at barna kan skade seg sjølv eller andre. Likevel er det små, men betydelege skilnader mellom omgrepa.

Vilter leik karakteriserer Jensen (2014, s. 31) som uforutsigbar og kaotisk. Det uforutsigbare har bakgrunn i at leiken ikkje kan planleggjast og vanlege mønstre og reglar brytast opp. Også leik som inneber ekstraordinær påverknad av sansane, slik som kamp og boltring, klassifiserer Jensen som vilter leik. Den viltre leiken kjenneteiknast som regel av eit høgt støynivå, høg puls hos dei deltakande barna og gjennom at den typen leik krev plass.

Farleg leik er ifølge Jensen (2014, s. 31-32) leik der barna kan skade seg sjølv eller andre. Denne faren er til ein viss grad også til stede i den ville leiken, men er meir framståande i farleg leik ettersom denne i større grad inneber søken etter spenning og fysisk utfordring. Jensen (2014, s. 32) seier at barn i farleg leik «flirter med det fatale».

Boltreleik og leikeslåssing slik Storli (2014) omtaler, er ein del av den ville og farlege leiken hos Jensen (2014) og den risikofylte leiken hos Sandseter (2014), samtidig som Storli også har ein kategori «rørsleleik» som også kan sjåast som ein overordna kategori som boltreleik og leikeslåssing er ein del av. Boltreleik og leikeslåssing er likevel meir avgrensa enn dei andre leik-kategoriane nemnd i dette kapitlet, ettersom denne handlar om leik der barna søker kroppsleg kontakt med kvarandre – leikeslåssing, jage, fange, bryte med kvarandre med meir (Storli 2014, s. 81-82).

Sandseter (2014, s. 14) omtaler risikofyll leik som leik som for barna følast spennande og utfordrande og deler det inn i seks kategoriar basert på faktorane som utgjer risiko – høgde, fart, farlege reiskapar, nærleik til farlege element, kamp og leik der barna kan forsvinne eller gå seg bort.

Alle desse risikoelementa gjer leiken til barna både spennande og skummel. Barn opplever at noko dei har klart utan å skade seg gjer dei for lite mestring og dei søker difor etter nye utfordringar samtidig som dei er litt redde for det som kan skje når dei ikkje får det til med desse nye utfordringane. Risikofylt leik er prega av ein kombinasjon av spenning, redsel og

mestring. Mestringsfølelsen blir større jo høgare risikoen og spenninga er. Denne følelsen av å få til noko man eigentleg ikkje trudde man kunne få til, gjer barna enormt mykje glede og det fører igjen til at barna vil søke utfordringar, både i den same leiken og i anna type risikofylt leik.

Grensen for kva barn taklar av spenning og frykt for å teste seg sjølv, varierer individuelt, skriver Sandseter (2014, s. 16). For nokre barn er spenningsnivået høgt når utfordringane er forholdsvis små, mens andre barn kan teste og tøye sine grenser langt meir. Turen frå toppen av akebakken kan vere spennande og fryktsam nok for eit barn, mens eit anna barn furer baklengs nedover bakken og gjer ekstra fart med hendene.

Risikofylt leik gjer barna ifølge Sandseter (2014, s. 15-16) mange positive opplevingar og framkallar positive følelsar samtidig som den gjer ein viss grad av utryggleik for det enkelte barn som skal mestrast. At denne mestringa og risikosøkinga føregår i leik, gjer barna likevel også tryggleik ettersom leiken føregår i relativt trygge rammer. I ei undersøking presentert av Sandseter og Sando (2014) om skadar i hos barnehagebarn gjevast det uttrykk for at risikofylt leik i barnehagen sjeldan fører til alvorlege skadar.

Med bakgrunn i dei ulike definisjonane som vart presentert her, vel eg omgrepet risikofylt leik for vidare bruk i samband med undersøkinga fordi dette omgrepet omfamnar alle formane for risiko som også inngår i dei andre omgrepa. Likevel sett omgrepet rammer for at det her berre omtalast leik som inneber ein risiko for skade hos dei deltakande barna. Med bakgrunn i omgrepsavklaringa vil eg i dei neste kapitla gå nærmare inn på betydninga av risikofylt leik for barna og det pedagogiske arbeidet med risikofylt leik i barnehagen.

3.3 Betyding av risikofylt leik for barns utvikling

Risikofylleik har stor betydning for ulike område av barns utvikling. Sandseter (2014) omtalar fire sentrale utviklingsområde som stimulerast og fremjast gjennom at barna deltar i risikofylt leik: motorikk, sosial kompetanse, angstmestring og risikomestring.

For det første har risikofylt leik stor betydning for barns motoriske utvikling. Som nemnd i kapittel 3.2, søker barn heilt naturleg utfordringar i risikofylt leik. Dei utforskar sine egne motoriske dugleikar og strekk seg etter nye utfordringar. Dette fører ifølge Sandseter (2014, s. 17) til at barna utviklar motorisk styrke, tileignar seg nye motoriske dugleikar og utviklar perseptuelle eigenskapar¹ og kroppsbevisstheit. Alle desse dugleikane er viktige for at barn kan

¹ Perseptuelle eigenskapar er til dømes evne til romorientering og evne til å vurdere eit objekt sin fart og rørsle samt kroppens posisjon og rørsle i forhold til dette objektet og rommet (Sandseter 2014, s. 17).

lære å vurdere sine egne evner og sin egen kropp i forhold til omgjevnadene og er i stand til å reagere riktig i ulike situasjonar for å unngå å verte skada eller skade andre.

Risikofylt leik er også ein god arena for å tileigne seg sosial kompetanse, skriver Sandseter (2014, s. 18). I mange typar risikofylt leik vil barna samarbeide for å oppnå eit mål – klatre i det høgaste treet eller ake fortast eller lengst. Gjennom slik leik utviklar barn evne til å bruke sosiale signal som fortel blant anna om personlege grenser – noko gjer vondt eller er ubehageleg – og dei utviklar evne til å tolke slike signal hos andre. Felles leik som inneber frykt, risiko og mestring skapar tilknytning blant barna samtidig som dei hjelper kvarandre for å mestre. I kampeleik kan barna også erfare forhold mellom makt og underordning – dei vil vekselvis vere den som har overtaket eller er underlegen og dei vil gjennom samspelet og erfaring med denne typen leik lære å kontrollere sin eigen aggresjon.

Risikofylt leik har ifølge Sandseter (2014, s. 19-20) også ein antifobisk eller angstreduserande effekt. Det skillast her mellom lært og medfødt angst. Den lærte angsten oppstår gjennom negative erfaringar som kan innebere smerte eller stor grad av redsel, til dømes tannlegeskrekk. Medfødt angst derimot er eit resultat av evolusjonen for å verne kroppen mot skadar eller farar. Slik medfødt angst er i hovudsak knytt til stader eller ting som potensielt kan føre til at man skadast eller livet kan vere i fare, til dømes redsel for vatn eller høgde. Slik angst kan man «lære av seg» ved å utforske og erfare ulike risikomoment gjennom leik. Barn søker automatisk etter slike utfordringar for å utforske det ukjente og dei vil gjennom leik gradvis lære å mestre desse risikomomenta og angsten.

I løpet av oppveksten og livet vil menneske stå ovanfor mange ulike situasjonar som inneber ulik form for risiko. Kompetansane som er omtalt i dei førre avsnitta er del av det fjerde utviklingsområdet Sandseter (2014) nemnar: risikomestring – det at barn lærer å beherske kroppen sin, utviklar god styrke i kroppen, lærer korleis dei og andre reagerer og korleis ein kan kontrollere sine egne reaksjonar. Desse erfaringane og denne læringa kan berre skje dersom barna får lov til å nærme seg risiko – noko som på tryggast måte kan skje i leik. Sandseter (2014, s. 20) påpeikar at dersom pedagogar, føresette eller samfunnet tek ifrå barna moglegheitene til å lære å mestre risiko, vil barna mangle denne erfaringa og når dei så i vaksen alder står ovanfor ein risiko, vil dei ikkje vere like godt i stand til å vurdere risikoen og seg sjølv i forhold til denne risikoen for å kunne takle situasjonen som menneske som faktisk har samla erfaring med risiko som barn.

3.4 Rammefaktorar for risikofylt leik i barnehagen

I dagens samfunn tilbringar barn det meste av kvardagen i barnehagen og barnehagen har som oppgåve å ivareta barnet og gjer gode rammer for barns utvikling. Barnehagens ansvar og formål er nedfelt i Barnehageloven (2005 § 1 Formål) og ytterlegare forklart i Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (KD 2011). Formålsparagrafen i Barnehageloven slår fast at barnehagen skal samarbeide med heimen om å leggje grunnlaget for barnas allsidige utvikling gjennom omsorg, leik, læring og danning. Vidare står det at barnehagen skal gje barna rom for å utvikle kunnskapar og dugleikar som hjelper dei i å lære å ta vare på seg sjølv og andre. Å lære å ta vare på seg sjølv og andre inneber blant anna også å lære å kontrollere og bruke kroppen og utvikle ferdigheiter knytt til rørsle og risikomestring slik det er omtalt i kapittel 3.3 i denne rapporten.

I kapittel 3.2 i rammeplanen (KD 2011) er det samanfatta kva barnehagen skal jobbe med i forhold til å støtte barns utvikling innanfor fagområdet Kropp, rørsle og helse. Under dette kapitlet finn man stikkord som blant anna kroppsleg mestring, allsidige rørsler og utfordringar, utvikle motoriske evner, respekt for eigen og andre sin kropp. Alle desse stikkorda er viktige i forhold til barns utvikling gjennom risikofylt leik.

Med bakgrunn i formuleringane i Barnehageloven (2005) og Rammeplanen (KD 2011) er barnehagen pålagt å leggje til rette for barns rørsleleik og oppleving av risiko og mestring. Tilrettelegging handlar for det første om utforming og bruk av det fysiske miljøet i og rundt barnehagen og for det andre om at barnehagepersonalet jobbar didaktisk med å skape grunnlaget for at barn kan oppleve variert fysisk miljø og aktivitet både inne og ute og eventuelt med nærmiljøet som supplement. Korleis barnehagen jobbar med og utformer det fysiske miljøet og legg til rette for allsidig utvikling, bør i følgje Rammeplanen (KD 2011) kome til uttrykk i barnehagens årsplan.

Barnehagen sitt fysiske miljø skal ifølgje Rammeplanen (2011, kap. 1.8) vere variert og utformast slik at alle barn får moglegheit til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, uavhengig av alder eller funksjonsevne. I Temahefte om barnehagens fysiske miljø (Barne- og familiedepartementet 2000, s. 40) er det presisert at barnehagane sjølv kan styre om dei vil utforme uteområdet etter naturlege forhold, leggje til rette med bakgrunn i dei naturlege forholda eller bruke tilrettelagt utstyr. Uansett kva veg barnehagen vel, må barnehagen ivareta krav om helse, miljø og tryggleik. All form for tilrettelegging og installasjon av utstyr må gjennomgå ei risikovurdering. Tilrettelagt utstyr både inne og ute underligg ifølgje temaheftet lov om kontroll med produkt og forbrukartenester (Produktkontrollloven 1977).

Tilrettelegging for rørsleleik i form av didaktisk arbeid omtalar Bjørgen (2010, s. 286-

310). Sjølv om leiken som omtalt i kapittel 3.1 er naturleg og lystbetont for barna, er den ein del av det pedagogiske oppdraget barnehagen er sett til å gjere. For å ivareta barnas allsidige utvikling slik omtalt i Rammeplanen (2011, kap. 1.1), er det viktig at personalet jobbar didaktisk på alle område for å stimulere og støtte denne utviklinga. Didaktisk arbeid handlar ifølge Hiim og HIPPES (gjeve att etter Bjørgen 2010, s. 288) om planlegging, gjennomføring og kritisk evaluering av undervisning og læring. I forholdet til eit bestemt fag eller fagområde snakkar man om fagdidaktikk. I samband med risikofylt leik er det hensiktsmessig å jobbe didaktisk for å gje barna moglegheit til å samle erfaringar som er viktig for utvikling av kunnskap og dugleikar som omtalt i kapittel 3.3 i denne rapporten.

Basert på ein didaktisk relasjonsmodell, der mål, innhald, arbeidsmetodar, rammefaktorar, deltakarføresetnader og evaluering påverkar kvarandre, peikar Bjørgen (2010 s. 291) ut to relevante tilnærmingar til metode for tilrettelegginga for risikofylt leik: deduktiv og induktiv. Den deduktive metoden går ut på at førskulelæraren viser, forklarar og gjer løysingar for korleis ein skal gjere for å oppnå læring av dugleikar – barna skal etterlikne, men løysinga er allereie gitt. Den induktive metoden derimot byggjer på at barna sjølv skal bruke kreativitet for å løyse problem, der barn erfarer og lærer gjennom å prøve sjølv. Bjørgen poengterer at ein skal basere tilrettelegginga på frivillig deltaking, men gjennom didaktisk arbeid og metodisk tenking kan pedagogane støtte og stimulere også dei barna som er utrygge i den fysiske eller risikofylte leiken.

I dette kapitlet har eg presentert relevante teoretiske aspekt ved risikofylt leik, betydninga av denne leiken for barns utvikling og korleis barnehagen kan jobbe med tilrettelegging for risikofylt leik. Med bakgrunn i dette teoretiske tverrsnittet vil eg i påfølgande kapittel presentere metodane for undersøkinga.

4. Metode i undersøkinga

I ei undersøking er det viktig å arbeide godt gjennomtenkt med tanke på bakgrunn og mål for undersøkinga. Metoden er ifølge Aubert (referert av Dalland 2014, s. 111) eit middel for løysing av problem. Den er ein reiskap for å organisere og systematisere undersøkinga. Avhengig av kva informasjon ein skal samle ved hjelp av undersøkinga kan ein vele kvantitativ eller kvalitativ tilnærming i arbeidet. Med kvantitativ tilnærming oppnår man eit målbart resultat, mens kvalitativ metode brukast for å finne ut subjektive opplevingar og meiningar.

4.1 Forskings- og datainnsamlingsmetode

I denne undersøkinga skal eg analysere og drøfte barnehagelæraren sin vurdering av risiko og tryggleik i barns viltre leik i barnehagen. Dette er ei kvalitativ undersøking der eg er ute etter den profesjonsutøvande si oppfatning av og tankar i forhold til risiko i barns leik og hans eller hennes vurdering av tryggleik og risiko i forhold til dette. For å tileigne meg sjølv god kunnskap om temaet, har eg studert ulik faglitteratur og sett meg inn i tolkingar av omgrep relatert til risikofylt leik, betydning av denne typen leik for barns utvikling og kva slags rammefaktorar som spelar ei rolle for tilrettelegging for risikofylt leik i barnehagen.

Med bakgrunn i teoristudien kom eg fram til at det er mange ting som har innverknad på barnehagelærarens vurdering av risiko og tryggleik i risikofylt leik. Det er blant anna hans eller hennes kunnskap i forhold til leiken, erfaring og rammefaktorar i barnehagen. Det var difor viktig at alle desse punkta vert belyst og etterlyst i undersøkinga. Rammefaktorane kan delvis vere nedfelte i barnehagens planverk, men kan også vere «uskrive reglar» eller forhold i barnehagen som ein berre får avklart ved å spørje.

Undersøkinga er delt opp i ein dokumentstudie og intervju. Eg valte å bruke intervju for å finne ut korleis den enkelte barnehagelærer tolkar omgrepet risikofylt leik, korleis barnehagelæraren vurderer tryggleik og risiko og kva som ligg til grunn for denne vurderinga. Eg vil også finne ut korleis barnehagelæraren handlar i situasjonar som inneber risikofylt leik. Eg har utarbeidd ein intervjuguide (vedlegg 1) som skal vere rettleiande i intervjuet og sikre at eg får svar på mine undersøkingsspørsmål. Likevel er det rom for å la samtalen gå på informantens sine premisser for å få best mogleg fram hans eller hennes egne vurderingar. I intervjuguiden har eg valt å dele inn spørsmåla i tre kategoriar:

- Barnehagelærarens Forståing av omgrepet risikofylt leik
- Barnehagelærarens praksis i forhold til risikofylt leik
- Utfordringar for vurdering og praksis i forhold til risiko og tryggleik

Gjennom denne inndelinga prøver eg å få dekt alle vesentlege forhold som er viktige i og har innverknad på barnehagelærarens vurdering av tryggleik og risiko i barns viltre leik.

I dokumentstudien ser eg på barnehagane sine årsplanar for inneverande barnehageår for å finne ut om, korleis og i kva grad årsplanen legg rammer for tilrettelegging for risikofylt leik samt tryggleik og grensesetting for denne typen leik. Spørsmål for studien har eg samla i ein dokumentstudieguide (vedlegg 2). Dokumentstudien skal fungere som supplement for

intervjua. Eg har valt ut årsplanane som studiedokument fordi desse ifølge Rammeplanen (KD 2011, kap. 4.1) fungere som eit arbeidsverktøy for personalet og som informasjonsdokument for samarbeidspartnarar, foreldre og andre eksterne instansar og planen skal innehalde informasjon om korleis barnehagen skal arbeide med dei sentrale områda omsorg, leik, læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dokumenta var gjort tilgjengelege frå begge barnehagar og er med bakgrunn i retningslinjene i Rammeplanen samanliknbare med tanke på innhaldet i forhold til temaet som behandlast i denne undersøkinga.

4.2 Informantane

For undersøkinga har eg valt ut to barnehagar og høvesvis ein barnehagelærer frå kvar av desse barnehagane. Informant 1 (heretter I1) er mann, vart ferdigutdanna for 8 år sidan og er tilsett i ein naturbarnehage. Informant 2 (heretter I2) er kvinneleg. Ho fullførte utdanninga på slutten av 1990-talet og er tilsett i ein privat barnehage utan særleg formål. Å finne informantar var ikkje så enkelt. Det fins mange ulike barnehagar i regionen og eg sendte eit informasjonsbrev om undersøkinga og ein førespurnad om deltaking til fleire barnehagar. Eg valte å kontakte både friluft- og naturbarnehagar, private barnehagar og kommunale barnehagar, men fekk liten respons på den skriftlege førespurnaden min. Først etter å ha kontakta barnehagane direkte på telefon og eg snakka direkte med barnehagelærarar eller styrar, fekk eg positiv respons frå to barnehagar. Etersom dette var to litt ulike barnehagar og den eine ein naturbarnehage, valte eg å gjennomføre intervju med barnehagelærarar i begge barnehagane. Eg valte også å setje grensa ved to intervju ettersom rammene for oppgåva er ganske stramme og eg prioriterte god kvalitet på å undersøke i to barnehagar og kunne fokusere på ei forholdsvis oversiktleg datamengde framfor å ha mykje materiale, men lite kvalitativt utbytte av dette.

Begge informantane fekk tilsendt informasjonsbrev (vedlegg 3) og intervjuguiden i forkant av intervjuet for å kunne orientere seg litt om temaet i undersøkinga. Intervjuet med I1 vart gjennomført på eit offentleg bibliotek utanom arbeidstida. Det var sett av ein time til intervjuet og omgjevnadene gjorde at vi ikkje vart avbroten under intervjuet. Både informant og intervjuar kunne difor fokusere på intervjuet. I intervjuet fekk eg svar på alle spørsmål i intervjuguiden, men informanten svarte berre på konkrete spørsmål og fortalte ikkje så mykje utanom det eg spurte. Intervjuet med I2 vart gjennomført i arbeidstida i barnehagen. Dette førte diverre til nokre avbrekk i intervjuet, då hennes råd vart behøvd, noko som igjen medførte at vi i korte periodar mista fokus og tråden i samtalen. Dette intervjuet verka likevel meir fritt flytande. Informanten svarte på spørsmåla, men snakka veldig utfyllande og svarte gjennom

den frie samtalen på fleire spørsmål samtidig. Det oppstod ein god samtale om temaet som både ga svar og reiste nye spørsmål. Det som kan ha påverka flyten i samtalen kan vere at eg kjenner 12 frå før og praten flyt lettare når man er kjent med kvarandre. Dette har påverka utfallet positivt ettersom intervjuet vart informativt og kanskje meir innhaldsrik enn forventa. Begge informantane tilbød å ta kontakt dersom det skulle oppstå fleire spørsmål eg ville få svar på.

4.3 Forskingsetiske ettertankar

For denne undersøkinga har eg gjennomført intervju og dokumentstudie. Eg har fått utlevert årsplan av dei deltakande barnehagane og gjennomførte intervju ved hjelp av opptak etter informantane sitt samtykke. Eg valte å bruke opptak framfor notater for å få mest mogleg utbytte av intervjuet. Det er meir effektivt å kunne sitte og lytte og i etterkant gå gjennom heile samtalen for analysen enn å vere opptatt med å notere alt som vert sagt. På denne måten er eg som intervjuar meir til stede, kan lytte og stille oppfølgingsspørsmål. Gjennom transkribering av intervjuet får eg også ei gjentakning av alt som blir sagt og dersom det dukkar opp spørsmål i etterkant, kan eg gå tilbake til informanten for å få svar på desse.

Informantane sin identitet og arbeidsplass er anonymisert og rapporten inneheld ingen sensitive opplysningar. Med bakgrunn i studiet er eg underlagt teieplikt og denne gjelder også i samband med informasjon som kjem fram i undersøkinga. All data og informasjon som kjem fram under undersøkinga skal utelukkande brukast i samband med denne undersøkinga og vert makulert etter at rapporten er ferdigstilt.

4.4 Mi førforståing

Min eigen praksis i arbeidet i barnehagen har vorte sterkt påverka av studiet, blant anna med at eg vart meir bevisst på å la barna prøve og utforske sjølv. Eg har utvikla eit barnesyn som byggjer på barn som aktive og likestilte menneske som sjølv er deltakande i si eiga utvikling, ikkje berre som mottakarar for kunnskap, men også som utforskande, handlande, prøvande og mestrande. Gjennom studiet og arbeidet har eg vorte både meir bevisst på og styrka i min oppfatning av at barn må få lov til å prøve sjølv for å oppleve den optimale mestringsfølelsen. Vi som vaksne kan vere saman med barna om å prøve, rettleie og støtte dei, men ikkje stadig vekk presentere løysingar. Dette synet inneber i mine augo også at barn må få lov til å verte kjent med sine eigne grenser og teste spenning og risiko så lenge det ikkje går alvorleg ut over helsa.

Gjennom arbeidet med denne profesjonsoppgåva har lært mykje teoretisk om risikofylt leik, og denne teorien bekreftar meg i synet at dersom vi held ungane ifrå risiko og fare – vi kan ikkje utelukke all form for risiko uansett – så gjer vi dei ei bjørneteneste. Men korleis kan vi då som pedagogar i praksis gje barna rom for å utforske og samle erfaring gjennom risikofylt leik, og likevel ivareta deira tryggleik? Kva kan vi gjere for å leggje til rette utan å hemme barna? Blant anna desse spørsmåla håpar eg å få svar på gjennom denne undersøkinga.

I dette kapitlet har presenterte metoden for undersøkinga, både forskingsmetode og datainnsamlingsmetoden. Eg har også presentert informantane, lagt frem forskningsetiske ettertankar og presentert mi førforståing som ligg til grunn for arbeidet med denne undersøkinga. I neste kapittel vil eg presentere dei mest sentrale funna i undersøkinga.

5. Analyse og tolking av data

I dette kapitlet skal eg presentere sentrale funn i undersøkinga. Etter analysen av intervju og dokumentstudien har eg valt å dele inn funna i tre overordna kategoriar – kunnskap om risikofylt leik, barnehagelærarens praksis i forhold til risikofylt leik og rammefaktorar for risikofylt leik i barnehagen. Desse tre kategoriane har utgangspunkt i teoristudien og inndelinga i intervjuguiden. Under denne hovudinndelinga har eg valt å kategorisere funna ytterlegare for å gjere presentasjonen av funn meir oversiktleg og strukturert.

5.1 Kunnskap om risikofylt leik

Kva er risikofylt leik?

Begge intervju vart starta med spørsmål om kva informanten legg i omgrepet risikofylt leik. Her var svara ganske forskjellige. I1 presenterte ein klar definisjon med bakgrunn i kategoriseringa til Sandseter (jamfør kapittel 3.2 i denne rapporten) som han sjølv nemnte som teorikjelde for definisjonen. I2 har ein litt meir diffus definisjon av omgrepet. Ho gjer uttrykk for at det er vanskeleg å definere – det er mange faktorar som etter hennes oppfatning spelar inn i kva som klassifiserast som risikofylt leik. Ho summerte sine tankar slik: *«leik som gjer at dei kan skade kvarandre eller har ein leik ein plass som gjer at dei kan skade seg»*.

Kva er risiko?

Omgrepet risiko og betydning av omgrepet vart eit sentralt spørsmål i intervjuet med I2. Ho

reiste spørsmålet om kva risiko egentleg er i samband med definisjonen av risikofylt leik, og presenterte sjølv sine tankar i forhold til dette.

Risiko er jo eit ord som vi set. Ungane synes at det å klatre høgt rett opp er spennande og så er det vi som vurderer den risikoen og setter grenser eventuelt, eller legg til rette. Eg tenk, risikoomgrepet vårt er ikkje ungene sitt. Eg veit ikkje om man skal likestille spenning og risiko, men for ungene trur eg at det om vi kjenn blir ein risiko, er ei spenning for dei.

På slutten av intervjuet summerte I2 dilemmaet risiko og risikoomgrepet gjer:

Tryggleiken kjem som ei følgje av at her ar det gått galt. Det er diverre nødvendig at det skjer noko, sånn at vi skjerpar oppmerksamheita mot det.

Betyding av risikofylt leik for barna

På dette punktet påpeika begge informantar at det å kunne erfare risiko som barn kan vise seg å vere viktig for livet seinare. I1 sa:

Tenker då angående risikomestring at dei som aldri har fått prøvd å gå på glattisen eller klatre opp i treet, då klarer dei aldri å mestre det heller.

I2 sa: «Dersom vi pakkar dei inn at alt er farleg, så kjem dei til å dø den dagen dei ikkje er under hæla våre.»

I1 tydeleggjer også at risikofylt leik har betyding i forhold til utvikling og demping av angst.

Det er ein slags angstdempar, utforsking av naturleg angst som høgdeskrekk, vannskrekk. Få kjenne litt på det å nærme seg frykta på sin eigen måte, gradvis. Eg trur at dersom man vert overbeskytta heile tida, så har man større sjans for å utvikle angst for det, angst generelt kanksje.

På spørsmål om kvifor barn søker risikofylt leik svara I2:

det gir det lille kikket hos barn på lik linje med at vi hoppar i fallskjerm og søker ting

som egentleg er litt for skummelt.

Ho nemna og at barn kan «dra etter kvarandre» i leiken fordi dei vil prøve noko eit anna barn klarer og det fristar å klare det sjølv.

5.2 Praksis i forhold til risikofylt leik

Vaksenrollen

Denne undersøkinga dreier seg hovudsak om dei vaksne sine tankar og handlingar. I intervju vart det tydeleg på kva måte barnehagelærarane oppfattar vaksenrollen som viktig. Om vaksenrollen i leik sa I1 følgjande:

Dei (barna) er jo avhengig av å møte vaksne som har eit reflektert forhold til risikofylt leik.

Eg kan ikkje hugse at eg nokon gong har begrensa nokre barn (i leik) fordi det vart for farleg. Eg har vore med dei og reflektert over utfallet av ting dei har gjort og ting dei har lyst å prøve.

I fri leik i barnehagen har eg kanskje kjent på følelsen av å ville stoppe barna, men eg har vore i forkant med meg sjølv og tenkt over t eg ikkje skulle stoppe dei.

Det er jo store forskjellar på dei vaksne. [...] Sjølv om vi har snakka om det på utalege personalmøter og planleggingsdagar, så har vi ikkje komen dit at vi i praksis er einige.

Også i samtalen med I2 var vaksenrollen eit sentralt tema. I tillegg til meir generelle utsegn ga informanten mange konkrete eksempel om korleis den vaksne agerer eller fungerer i risikofylt leik.

Kanskje ein del leikar er mindre risikofylte dersom den vaksne er aktivt deltakande.

Då er det kanskje ein risiko med sånn type raseleik (superhelt-leik) aleine i større grad enn viss den vaksne er ilag med i ein raseleik.

Viss den vaksne er ein god leikar på ungane sine premisser, så trur eg jo kanskje at dei har ein god leik som dei synes er tøff og så kan man avverge litt av risikoen, men man øydelegg ikkje leiken. Viss du har ein vaksen som er redd for alt og ser farar i alt og ikkje ser leiken [...], så mister man leiken og ser berre slåssinga, så kan man jo øydelegge leiken.

[...] også tørr dei ikkje aleine. Har vi ei hand der, så tørr dei, så er det litt spenning. Eg trur jo at den vaksne både i leiken og i aktivitetar har mykje å seie. [...] Vi kan både øydelegge utfordringa og vi kan på ein måte få dei litt vidare, alt etter kva vi gjer. Nokon er tøffare enn andre i personalgruppa, men slik ønskjer eg at det skal vere. Det er det hos barna også.

Eg trur at det har noko med det å gjere at du er trygg på ein aktivitet som vaksen. Ein rase- og herjeleik kan vere mykje meir skummel når man står på sida og ser enn viss man er ein del av leiken.

Man er på ein måte rettleiar.

Vi skal vere dei trygge rammene for ungane, vi må vise dei respekt, lære dei å respektere farane.

Bakgrunn for grensesetting

Bakgrunn for eventuell grensesetting er ifølgje begge informantar egne erfaringar både som barn og som vaksne. Det handlar også om å ha erfaring med og kjennskap til barna, observere og reflektere både sjølv og i personalgruppa.

Utfordringar

Ifølgje I1 ligg den største utfordringa i kollegaer som har ulike oppfatningar og grensar for kva som er greitt å tillate eller ikkje. Det kan også vere foreldre som er redd for at barna skal skade seg. Ei anna betydingsfull utfordring er å kunne formidle vår faglege kompetanse og argumentere for den utetter. Om dette sa I1:

Eg trur det handlar om ein slags utryggleik, at man ikkje stoler på sin eigen fagleg kompetanse nok til å kunne argumentere for det her mot foreldra. Der er alle type ting med press [...] der vi som jobbar i barnehagen har mage nok til å kunne seie ifrå om ting som er viktig. At vi har kompetanse til å vurdere det.

Også I2 ser den største utfordringa i at dei vaksne er ulike, gjer ulike vurderingar og handlar ulikt for å fungere som buffer i tilrettelegging for risikofylt leik. Samtidig påpeika ho at det kanskje ikkje er nødvendig å vere like, fordi alle er forskjellige på mange andre ting. Ho nemna også eit eksempel der foreldra var svært bekymra for sitt barn og der ho som barnehagelærer argumenterte for sin faglege kompetanse «denne risikoen har vi vurdert, vi har ingen som skada

seg og vi er til stede ilag med barna og i vår barnehage får dei lov å klatre.»

5.3 Rammefaktorar for risikofylt leik i barnehagen

Grenser eller reglar for leik og leikearenaer

For å finne ut kva som ligg til grunn for grensesettinga hos barnehagelærarane i dei to barnehagane, spurte eg barnehagelærarane om kva slags rammer det ligg i barnehagen utanom ulikheita innanfor personalgruppa som allereie er dokumentert under kapittel 5.2. Begge barnehagelærarar ga uttrykk for at dei i barnehagen oppsøker varierte turmål i skog og mark i nærmiljøet for å gje barna varierte moglegheiter med ulike terreng.

Begge informantar sa at dei sjølv er opne for å la barna prøve det meste og sett i liten grad grenser i forhold til risiko i den frie leiken, men I2 sett tilsynelatande meir grenser enn I1. I2 sa blant anna at alt av slag, spark, biting og liknande ikkje er lov i leiken, fordi det er ting som påfører andre smerte og at ho stoppar leiken når slike handlingar blir framståande. I1 påpeika at det i naturbarnehagen ser ut til å vere noko ulike rammer innanfor og utanfor gjerdet.

Det verkar som at mange vaksne i barnehagen er meir opptatt av tryggleik og kva som er greitt og kva ikkje innanfor gjerdet enn utanfor. Utanfor barnehagen er det heilt greitt å klatre ti meter høgt opp i ei gran, men innanfor gjerdet er det ikkje lov å sykle nedoverbakken for då kan ein slå seg.

Andre rammefaktorar som I1 nemna er at «*vi ikkje bevisst unngår område (turmål) fordi det er høge berg eller på sida av vann*».

Som særskilte rammefaktorar eller reglar nemna I2 at det i barnehagen er eit puterom, der barna kan herje fritt. Rommet er tilrettelagt slik at det berre er puter og barn der og det er ein regel ingen harde leikar kan tas med dit. Ho påpeika også at barnehagen er underlagt lovverk og godkjenning av leikeapparat, men føydde til at «*her har vore ein del ulukker i barnehage-Noreg på ting der alle leikeapparat er EU-godkjent og sikra*».

Som supplerande for intervju-undersøkinga valde eg å studere årsplanane for begge barnehagane med tanke på korleis tilrettelegging og eventuelle rammefaktorar tydeleggjerast i dokumenta. Årsplanane inneheldt ingen direkte informasjon om tilrettelegging eller rammer for risikofylt leik, men presenterte fagområdet kropp, rørsle og helse med ei kort oppsummering av innhaldet oppført i Rammeplanen (KD 2011, kap. 3.2). I årsplanen for naturbarnehagen var fokuset i denne oppsummeringa retta mot å gje barna motoriske utfordringar og utvikle eit sunt

forhold til kropp og helse. For å oppnå desse måla stod det «*Vaksne legger opp til varierte rørsleaktivitetar, og at alle får utfordringar i forhold til deira nivå.*» I årsplanen for den andre barnehagen vart måla for fagområdet kopiert direkte frå rammeplanen utan utfyllande kommentarar.

Utover desse punkta kunne man i begge årsplanar finne overordna informasjon relatert til leik, utvikling og aktivitetar som også spelar ein rolle for risikofylt leik. I årsplanen for naturbarnehagen var det stor fokus på leik som satsingsområde. Den frie leiken skal ifølge årsplanen har ein viktig plass i barnas kvardag i barnehagen. Gjennom leiken skal barn utvikle samansett kompetanse. Dei vaksne i barnehagen skal ifølge årsplanen rettleie barna samtidig som dei respekterer barnas sjølvstende.

I årsplanen for den andre barnehagen er det fokuset på bruken av nærmiljøet som er viktigast med tanke på risikofylt leik. Barna skal ifølge årsplanen få utfordringar gjennom varierte turar og dei skal kunne oppleve mestring gjennom å strekkje seg etter nye utfordringar og prøve nye ting. I denne barnehagen vert det i følgje årsplanen også sett av tid kvar veke der nokre av barna kan vere i svømmebassenget. Dette vart nemnd i tillegg til turar og bruk av nærmiljø fordi dette tilbodet ikkje er del av det vanlege tilbodet av leikearenaer for barnehagar i Noreg. Om vaksenrollen stod det i årsplanen at personalet skal jobbe mot å verte meir bevisst sin verdiformidling og deira rolle som gode modellar. Ingen av årsplana ga konkret informasjon om utforming av det fysiske miljøet i barnehagen eller om nedskrive reglar som måtte setje grenser for barns risikofylte leik.

I dette kapitlet har eg presentert dei mest sentrale funn i intervjustudien og dokumentstudien. Med bakgrunn i dette kapitlet skal eg no gå over på drøftinga av desse funna i lys av relevant teori. Rammefaktorane og analyse av årsplanane er ikkje eit eige drøftingsmoment, men dei er ein del av grunnlaget for vurderingane barnehagelæraren kan gjere og vart difor presentert som ein del av dei sentrale funna.

6. Drøfting

I dette kapitlet skal eg drøfte funna som vart presentert i kapittel 5. Etersom alle funn heng tett saman og har betydning for kvarandre, vil eg ikkje dele dette kapitlet inn i kategoriar, men drøfte funna i si heilheit i fokus av problemstillinga.

Korleis vurderer barnehagelæraren risiko og tryggleik i barns viltre leik?

I samband med vurdering av risiko og tryggleik er det viktig å ha ei forståing for kva risiko er og kva risikofylt leik er. Som I2 påpeika, er risiko eit omgrep som er vanskeleg å definere. Oppfatning av risiko er alltid avhengig av den som tolkar – våre personlege erfaringar og redslar spelar inn i denne oppfatninga – og desse speglast også i dei vaksne sine haldningar i forhold til risikofylt leik i barnehagen. I Store Norske Leksikon (Risiko, 30. mai 2014) vert risiko omtalt som «uvisst utfall, fare for tap, usikkert eller uberekneleg utfall av eit tiltak». I artikkelen står det vidare at dersom ein snakkar om risiko i forhold til fare for skade eller ulukke, må ein også angi grad av risiko – den må altså målast i forhold til ulukkas konsekvens. Det faktum at risiko er uberekneleg, gjer den også uforutsigbar. Man kan innrette mange tiltak for å unngå openbare farar, skjerpe tryggleiken på leikeapparat, utstyr og inventar, men det uforutsigbare kan man ikkje unngå. Ein konsekvens av uforutsigbarheita er som I2 sa, at så lenge det ikkje skjer noko, er vi ikkje oppmerksame på risikoen i ein bestemt situasjon. Dette sett barnehageeigarar og -tilsette i eit dilemma. Barnehagen er ifølge Rammeplanen (KD 2011, del 1, s. 7) forplikta til å gje barna eit oppvekstmiljø som «vernar barnet mot fysiske og psykiske skadeverknader». Til trass for at barnehagen skal vere godkjent av myndighetene (Barnehageloven, kap. III § 6) og det vert sett i verk tiltak som skal sikre barnas helse, kan det alltid skje ulukker, både på godkjente apparat og i «kvardagslege situasjonar», som i verste fall kan føre til døden.

Men kva er risiko i leik? Risikoomgrepet kan ifølge I2 vere eit omgrep frå og for oss vaksne. Barn vil kanskje ikkje snakke om risiko, men om spenning. Ho sa også at ein vaksen som står utanfor og observerer ein leiksituasjon ofte vil oppleve leiken som mykje meir skummel enn den verkar når man sjølv er deltakande. Er risiko kanskje eit omgrep som oppstår av vurderingar utanfrå mens det innanfrå kjens som spenning, kiling i magen? Dette spørsmålet er vanskeleg å finne svar på, fordi oppfatning av spenning og risiko er individuell. Likevel kan det å skilje mellom risiko og spenning ut ifrå perspektivet man sjølv har, vere med på å prege vurderingane ein gjer som barnehagelærar.

Vurdering av risiko i ein gitt situasjon vil alltid vere prega av den til stede verande vaksne sine erfaringar og den vaksne sitt skjønn. Denne vurderinga kan ha mange forskjellige utfall. Ein vaksen som er usikker eller har sjølv dårlege erfaringar med ein situasjon eller ein «risiko», til dømes høgde, vil setje strengare rammer enn ein vaksen som berre har gode erfaringar og føler seg trygg i situasjonen. Ein trygg vaksen med gode erfaringar vil tillate barna å prøve og det vil føre til at barna mestrer, mens ein utrygg vaksen vil moglegvis hindre barn i å oppleve mestring av ei utfordring og øydelegge leiken. Den utrygge vaksne har også lettare for å presentere ferdige løysingar for å minske sin eigen redsel når barna prøver noko. Med

tanke på konsekvensen av den vaksne sine vurderingar påpeika I2 nettopp faren for å kunne øydelegge leiken. For å kunne ivareta leiken og gleda barn opplever i leiken, bør den vaksne vere i stand til å gje seg ut på barnas premisser. I1 nemnar reflektertheit som eit viktig verkemiddel for den vaksne. Begge desse punkta, evne til å leike på barns premisser og å vere reflektert, er eigenskapar som tilsynelatande er viktige i vurderinga av risiko og eventuelle tryggleikstiltak.

Å gje seg ut i risikofylt leik på barnas premisser betyr ifølge Holland (gjeve att etter Storli og Sundt, 2014, s. 109) at man kan kontrollere kroppen og utøve likestillingsprinsippet og gje slepp på moralske oppfatningar om god og dårleg leik. Samtidig som den vaksne har tryggleik og velfare til alle barna i bakhovudet, må han eller ho altså klare å la vere å tenke, gje slepp på kontrollen og la barna styre leiken. Dette kan vere ein krevjande oppgåve, ettersom alle vaksne gjennom oppveksten og livet har vorte mata med moral, oppfatningar om kva som er greitt og ikkje greitt, men å ha evne til å gje slepp på konvensjonar er altså viktig for å kunne delta i leiken utan å øydelegge den.

Refleksjon er ein viktig del av barnehagelæreryrket då den ifølge Furu, Granholt, Haug og Spurkland (2011, s. 85) er med på å sikre kvalitet i barnehagen fordi man unngår å gli inn i å gjere ting av gamal vane. Hensikta med refleksjon er å sjå seg tilbake, tenke over situasjonar og tenkje over desse på ein kritisk måte, skriver Furu (et al. 2011, s. 84). Å lære å reflektere rundt forhold i praksis og problemstillingar knytt til barnas tilvere i barnehagen, er ein viktig del av barnehagelæruddanninga. Refleksjon i personalgruppa hjelper barnehagetilsette å sjå på ein situasjon, eit forhold eller ei problemstilling frå ulike perspektiv og det påverkar avgjerder. Som I1 påpeika er det viktig at dei vaksne har eit reflektert forhold til risikofylt leik for å kunne gje barna moglegheit til å utforske risiko og dermed erfare det man berre kan erfare og utvikle gjennom å leike med risiko.

For å kunne ha eit opent og reflektert forhold til risikofylt leik, må man også ha kunnskap om det. I intervjuet var det ein liten forskjell mellom informantane, noko som i grunn kan ha mange årsaker, deriblant utdanningstidspunkt og -sted og fokus i fagleg oppdatering. Mens I1 ser ut til å vere fagleg oppdatert og verkar trygg på kva slags konkrete utviklingsområde den risikofulle leiken verkar inn på – risikofylt leik som blant anna angstdempande, ser I2 ut til å ha ei sterk meining om at denne typen leik er viktig for barna, men ho kunne ikkje uttrykke denne nytteeffekten meir konkret. Spørsmålet som reiser seg her er, kor vidt barnehagelærarar faktisk har kjennskap til betydinga av risikofylt leik for barnas utvikling og kvifor er det viktig å ha kunnskap om det? I kapittel 3 har eg presentert sentrale aspekt ved risikofylt leik og betydinga av slik leik for barnas utvikling. Risikofylt leik har

betyding for mange område av barns utvikling, og dette bør barnehagelærarar vere klar over før dei byrjar å setje strenge grenser med bakgrunn i tryggleikskrav frå både myndigheiter, politikken, samfunnet eller foreldre.

Som barnehagelærer kan man hamne i situasjonar der man må forklare eller forsvare sine val, både ovanfor kollegaer, foreldre, eigarar og på eit samfunnspolitisk nivå. For å kunne forklare dei vala man gjer, til dømes å tillate ulike former for risikofylt leik eller unnlåte tryggleikstiltak som hjelm på sykkel eller i akebakken, nedsaging av trær eller liknande, må man ha kunnskap om forholdet for å kunne argumentere for vala. Med god kunnskap i botn vil man stå tryggare i sin argumentasjon. Med tanke på det I1 sa om utryggleik i argumentasjon om at vi har kompetanse til å fortelje kva som er viktig for barna, betyr det at det er viktig at pedagogane tileignar seg kunnskap og alltid held ved like lærings- og utviklingsprosessen i eigen profesjon. Som barnehagelærer er man aldri utlært. Furu (et al. 2011 s. 19ff) omtaler kunnskap som eit dynamisk fenomen, ein prosess som pregast av endringar rundt oss, interesse, rom, tid og kultur. Barnehagen er ein læringsarena for menneske, både store og små. Den er i sin natur prega av læring og utvikling og stadig ny forskning og utvikling samt krav frå samfunnet eller politikarar er med på å krevje at barnehagelæraren stadig søker å vidareutvikle kunnskapen sin.

Begge informantar ga tydeleg uttrykk for kor viktig det er at dei vaksne fungerer som rettleiande i risikofylt leik. Viktigheita poengterast med at dersom barna ikkje erfarer risiko og vert rettleia på å forstå risiko og konsekvensar, vil det i verste fall ende med døden eller alvorlege skadar. Dersom man summerer det Sandseter (2014) seier om betydinga av risikofylt leik for barns utvikling på alle områda vil alvorleg skade eller manglande evne til å mestre risikosituasjonar, når man til slutt hamnar oppi dei uførebudd, vere den ytste konsekvensen. Gjennom å rettleie barna og la dei prøve ut grenser og risiko i forholdsvis trygge rammer, legg barnehagetilsette grunnlaget for at barna seinare mestrar risiko. Rettleiinga inneber ikkje at vi gjer barna løysingar på problemstillinga, men at vi er til stede for å støtte, halde i handa, vise at vi også tørr, vise at vi kan eller ikkje kan, vise og formidle eigen følelsar, reflektere saman med barna om utfallet av ei handling og gjer barna følelsen av tryggleik. Med tanke på metodane presentert i kapittel 3.4, betyr dette å vele induktiv metode (prøve sjølv) framfor deduktiv (presentere løysingar) metode.

Det vart tidlegare nemnd at barnehagen skal vere ein trygg arena for barna – og barna er knytt til dei vaksne og stoler på dei vaksne. I2 beskrev ein situasjon der ho opplever at barna stoler 100% på henne – når ho svømmer i det store svømmebassenget og barna skal hoppe frå stupebrettet for første gong. Etter hennes oppfatning trur barna at vi står trygt i vatnet, med

føtene godt planta i bassenggolvet og faktisk tar i mot barna. Dette er sjølvstarkt ikkje mogleg, men gjennom å vere til stede nede i vatnet gjer den vaksne barna tryggleiken dei treng for å tørre å ta steget utover stupebrettet. Denne følelsen av tryggleik hjelper barn å våge seg ut på utfordringar, men den må vere ekte, verkeleg til stede. Dersom barn opplever at tryggleiken ikkje er der likevel, vil det vere vanskelegare for barnet å våge neste gong. Å mislykkast kan ha store konsekvensar for barnet sjølvoppfatning. Alle erfaringar, både gode og dårlege, er ifølge Daniel Stern sin teori om identitetsutvikling (gjeve att i Bunkholdt 2000, s. 163-173) med på å prege mennesket sitt sjølvbilete og menneskets identitet. Dårlege erfaringar kan ifølge denne teorien føre til problematiske symptom i utviklinga. Kvello (2010 s. 53-55) skriver at dårleg sjølvfølelse kan medføre svekka sosialisering. Bakgrunnen for det er at sosialiseringa, særleg med jamaldra barn, er påvist å vere ulik avhengig av om man samanliknar seg sjølv med svakare, sterkare eller likestilt andre. Det kan sjølvstarkt vere mange årsaker til at barn ikkje mestrer, men utfallet for barnehagelæraren vil vere den same – han eller ho må bekrefte barnets intensjon og forsøk, sjølv om barnet ikkje får det til. Denne stadfestinga er ifølge Kvello (2010, s. 53-55) eit av dei viktigaste elementa som er med på å danne barnets sjølvbilete. Rosen dei vaksne gjer barna, uansett om dei mestrer eller prøver, bør vere spesifikk og med utgangspunkt i barnets handlingar (Kvello 2014, s. 53-54). Ved sida av å leggje til rette for og gje barna moglegheit for risikofylt leik, må barnehagelæraren altså også trygge barna i deira forsøk og oppmuntre dei til å prøve ved å bevisst bruke ros av barnets intensjon.

Eit siste punkt eg vil ta med i denne drøftinga er ulikheita i vurderinga av risiko og grensesetting innanfor risikofylt leik som begge nemnar som ei utfordring. For personalet kan dette verke som utfordring fordi ein opplever ueinigheit i grensesettinga og kanskje er usikker om dette vil påverke barna eller avgrense dei for mykje. Men denne ulikheita kan tvert imot vere ein ressurs både i personalet og for barna. Menneska er ulike på alle måtar, ingen har den absolutt same oppfatninga om alt, og gjennom at dei vaksne i barnehagen tillater å vise forskjelligheit, formidlar dette demokratiske haldningar til barna – vi må ikkje vere like for å vere likeverdige. Barna vil automatisk oppsøke den vaksne dei opplever som mest imøtekomande for deira behov – også når dei søker risiko eller utfordringar, basert på kva erfaringar barna har gjort seg med dei ulike vaksne. Å vise at ulikheit er akseptert er også del av det å kunne uttrykkje følelsar og igjen formidlar det ei open og likeverdig haldning til barna. Det som likevel er viktig for å ivareta enkeltindividua i personalgruppa og samtidig skape eit felles grunnsyn og felles haldningar i barnehagen, er å reflektere rundt problemstillingar slik omtalt tidlegare i dette kapitlet.

7. Konklusjon

I denne undersøkinga har eg arbeidd utifrå følgjande problemstilling: *Korleis vurderer barnehagelæraren risiko og tryggleik i barns viltre leik?* Undersøkinga vart gjennomført i form av intervju med to barnehagelærarar og dokumentstudie i to barnehagar.

Undersøkinga viser at barnehagelærarane har noko ulike definisjonar av risiko og risikofylt leik, men at dei ser på den risikofylte leiken som ein viktig del av barns liv og betydingsfull for barns utvikling. Barnehagelærarane ser på dei vaksne som ein viktig ressurs i tilrettelegginga for risikofylt leik, men påpeikar også at nettopp dei vaksne, personalgruppa, utgjør ei utfordring i vurdering av risiko. Den vaksne sine haldningar og handlingar påverkar den risikofylte leiken sterkt.

Det ser ut til å vere viktigast at dei vaksne er fagleg oppdaterte og har god evne for refleksjon for å kunne ivareta barnas behov for å søke risiko, og samtidig ivareta tryggleiken. Dei vaksne bør også ha evne til å gje seg ut på barns premisser og ta barnas perspektiv. Dei vaksne er viktige støttespelarar for barna, både som rettleiarar og rollemodellar. Dei største utfordringane for barnehagelærarar kan vere krav frå foreldre, kollegaer og samfunnet og her er det viktig å ha fagleg kunnskap og vere trygg på eigen kompetanse for å kunne argumentere mot press utanfrå. Risikofylt leik sjåast som svært viktig for barna og den burde dermed vere ein naturleg del av barnehagekvardagen til trass for at samfunnet i dag er svært opptatt av barnas tryggleik i barnehagen.

Etter gjennomføringa av og arbeidet med denne undersøkinga har mi eiga forståing for risikofylt leik utvikla seg betrakteleg – mange element som eg ikkje hadde kjennskap til frå før har tredt fram og prega mitt syn på risikofylt leik i barnehagen. Eg har vorte styrka i mi oppfatning av at risikofylt leik er viktig for barnas utvikling og samtidig har eg fått kunnskap om handlingsmønstre og metodar som vil hjelpe meg i arbeidet med barn og tilrettelegging for risikofylt leik.

Risikofylt leik er eit svært omfattande og alltid aktuelt tema ettersom alle er opptatt av barnas tryggleik. I denne oppgåva har eg sett fokus på barnehagelærarens rolle og vurdering. Det hadde vært svært interessant å kunne gå nærmare inn på betydinga av risikofylt leik for barns utvikling med tanke på identitet og samfunnsutviklinga. I dag er det til dømes mange unge vaksne som sliter med angst og har difor vanskeleg å delta i arbeidslivet – kan det ha bakgrunn i at desse menneske ikkje har samla erfaring med risiko i barndomen? Kva slags konsekvensar kan manglande risikofylt leik ha for samfunnet då? Det er mange opne spørsmål som kan vere interessante dersom man ser risikofylt leik i barnehagen i eit større perspektiv.

Litteratur

- Barnehageloven (2005). *Lov om barnehager* av 17. juni 2005 nr 64.
- Barne- og familiedepartementet (2000). *Barnehagens fysiske miljø. Et temahefte om utforming av barnehagens inne- og uteområder*. Oslo: Barne- og familiedepartementet.
- Bjørgen, K. (2010). Praktisk planlegging og tilrettelegging av bevegelseslek i barnehagen. I E. B. H. Sandseter, Hagen, T. L., Moser, T. (red.). *Barnas barnehage 2. Kroppslighet i barnehagen – Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (s. 286-310). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bunkholdt, V. (2000). *Utviklingspsykologi* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2014). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Furu, A., Granholt, M., Haug, K. H., Spurkland, M. (2011). *Student i dag, førskolelærer i morgen. Kvalifisering til førskolelæreryrket*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Jensen, J.-O. (2014). Civilisering af vilde og farlige bevægelseslege. I E. B. H. Sandseter, J. O. Jensen (red.). *Vilt og farlig – om barns og unges bevegelseslek* (s. 13-28). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- KD (2011). *Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kvello, Ø. (2010). Personlighetsutviklingen: Barnehagens rolle i den fascinerende dynamikken mellom samspill og biologi. I Ø. Kvello (red.) *Barnas barnehage 2 – Barn i utvikling* (s. 27-64). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Lillemyr, O. F. (2011). *Lek på alvor*. (3. reviderte utgåve). Oslo: Universitetsforlaget.
- Produktkontrollloven (1977). *Lov om kontroll med produkt og forbrukartjenester* av 1.9.1977 nr. 53.
- Risiko. (2014, 30. mai). I *Store norske leksikon*. Henta 25. november 2015 frå <https://snl.no/risiko>.
- Sandseter, E. B. H. (2014). Boblende glede og sug i magen: risikofyllt lek i barnehagen. I E. B. H. Sandseter, J. O. Jensen (red.). *Vilt og farlig – om barns og unges bevegelseslek* (s. 13-28). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Sandseter, E. B. H., Sando, O. J. (2014). Kan man unngå det uunngåelige? Skader og sikkerhetsfokus i norske barnehager. I E. B. H. Sandseter, J. O. Jensen (red.). *Vilt og farlig – om barns og unges bevegelseslek* (s. 192-207). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Storli, R. (2014). Born to be wild – Barns boltrelek g lekeslåsing. I E. B. H. Sandseter, J. O.

Jensen (red.). *Vilt og farlig – om barns og unges bevegelseslek* (s. 80-96). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Storli, R., Sundt, M. R. (2014). Boltrelek og lekeslåssing i et barnehagepedagogisk perspektiv. I E. B. H. Sandseter, J. O. Jensen (red.). *Vilt og farlig – om barns og unges bevegelseslek* (s. 97-115). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Intervjuguide

Problemstilling:

Korleis vurderer barnehagelæraren risiko og tryggleik i barns viltre leik?

Rammer for intervjuet:

- Underlagt teieplikt
- Informantane sin identitet anonymiserast
- Data brukast utelukkande i samband med denne oppgåva og slettast etter bruk

Fokus:

- Oppfatning
 - Kva oppfattar du som risikofylt leik?
 - Kva slags leik oppfattar du som «for risikofylt»?
 - Kva slags betyding har risikofylt leik i dine augo for barna?
 - Kva slags betyding har barnehagepersonalet for barns risikofulle leik?
- Praksis
 - Kva slags rammer ligg til grunn for din vurdering av tryggleik og risiko i barns leik? (planar – rutinar i barnehagen – regler i barnehagen)
 - Opplever du at barna søker risiko i fri leik?
 - Korleis legg barnehagen til rette for viltre leik?
 - Kva er viktige faktorar for tryggleik for deg?
 - Korleis vurderer du risikoen i barns viltre leik?
 - Korleis setter du grenser i barns viltre leik?
 - Kva slags avgrensingar setter du når barn søker risiko i leik?
 - Kvifor setter du/setter du ikkje grenser?
- Utfordringar
 - Kva slags utfordringar opplever du som barnehagelærer i forhold til ditt syn på risikofylt leik?
 - Eigne grenser
 - Kollegaer sine innspel eller grenser
 - Foreldre sin oppfatning av kva barna tåler/skal få lov til?
 - ditt ansvar for oppsyn

Tilbakeblikk

- Oppsummering av det som vi snakka om
- Noko du vil leggje til?

Vedlegg 2 – Dokumentstudieguide

I samband med undersøking av barnehagelæraren si vurdering av risiko og tryggleik av barns viltre leik i barnehagen.

Problemstilling

Korleis vurderer barnehagelæraren risiko og tryggleik i barns viltre leik?

Dokument som skal undersøkast:

Årsplan

Deltakande informantar

To barnehagar, ein naturbarnehage og ein privat barnehage utan særleg formål

Undersøkingsspørsmål

1. Korleis gjer årsplanen uttrykk for tilrettelegging for risikofylt leik?
 - aktivitetar
 - fysisk miljø
 - bruk av nærmiljø
2. Setter årsplanen rammer eller grenser for risikofylt leik?
3. Setter årsplanen rammer for barnehagelæraren si vurdering av risiko og tryggleik i leik?
4. Kva slags tryggleikstiltak kjem til uttrykk i årsplanen?

Vedlegg 3 – Informasjonsbrev til barnehagane

Til
Barnehagens namn

Avs.
Gjennomfører av undersøkinga

Sted, dato

Førespurnad om deltaking i undersøking

Eg er student på Deltids førskulelæruddanning ved Høgskulen i Nesna og skriver for tida min Bacheloroppgåve. I denne oppgåva skal eg undersøke barnehagelærarens vurdering av risiko og tryggleik i barns viltre leik i barnehagen.

I samband med dette skal eg gjennomføre intervju med barnehagelærarar og lese års- og verksemdsplanar for gjeldande barnehage. Informantane må vere utdanna barnehagelærarar (førskulelærarar). Intervjuet vil vare i ca. ein time og om det lar seg gjere vil eg gjerne avtale tid utanom barnehagelærarens faste arbeidstid på avdelinga for å skape ein mest mogleg roleg intervjusituasjon. Eg vil gjerne avtale tidspunkt direkte med vedkomande.

All data som samlast inn, skal utelukkande brukast i samband med denne oppgåva og dokumentasjon av data slettast etter at oppgåva er ferdigstilt. Identiteten til informantane vil bli anonymisert. I samband med undersøkinga vil eg gjerne signere erklæring om taushetsplikt ved barnehagen.

Eg står sjølv som ansvarleg for gjennomføring av undersøkinga, men undersøkinga skal godkjennast av rettleiar Anita Berg Olsen ved Høgskulen i Nesna.

Resultata vil publiserast i form av ein rapport (bacheloroppgåva) ved Høgskulen i Nesna. Ved karakter A-C vil oppgåva publiserast på Brage etter vurdering.

Eg håpar på at de vil delta i undersøkinga og dermed hjelpe meg i samband med oppgåva. Ettersom oppgåva skal leverast 20. november 2015 ønsker eg svar frå de innan 14 dagar.

Svaret kan sendast på e-post til (epost-adresse). For spørsmål kan de også kontakte meg på telefon (telefonnr.).

Med vennleg helsing

Student

Rettleiar

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt skriftleg og munnleg informasjon og er villig til å delta i undersøkinga.

Sted, Dato

Underskrift av barnehagelærar